

Handlingsprogram og økonomiplan 2015 – 2018

**AVDELING 31
Gol barnehage**

ANSVAR: 3130 - 3137



Internt notat

Til:	Hege Mørk/Rådmannen	Dato:	28.10.2014
Fra:	Wenche Elisabeth Olsen	Referanse:	14/01623-32
Kopi:	Arne Fredriksen/Økonomiavdelinga		

Handlingsprogram 2015 - 2017 Gol barnehage

I 2014 har Gol barnehage lagt ned Fagerlund barnehage som er flytta inn som den fjerde avdelinga i Vesterhuset barnehage.

Breidokk barnehage og Hallingmo barnehage har felles leing, men har fortsatt to separate budsjett/rekneskap. Dette vil også gjelde for 2015 sidan felles leing er ein prøveordning fram til nytt barnehageår i august 2015.

Kommuneplanen sin tekstdel:

Gol Barnehage

- Alle barn har rett på barnehageplass.
- Gol barnehage har 6 einingar (hus) spreidde rundt i kommunen; tre ligg i sentrum og tre ligg i grendene Rotneim, Øygdane og Åsgardane.
- Gol barnehage arbeider etter Lov om barnehagar, Rammeplan for barnehagar og vedtekter for Gol barnehage. Det blir lagt spesielt vekt på sosialt samspel, på opplevingar og på å gje barna medvirkning i eigen kvardag i barnehagen. Alle einingane (husa) arbeider med at barna skal oppleve lokal kultur og tradisjon. Dessutan blir det lagt vekt på å vere mykje ute i naturen, både i nærmiljøet og på fjellet.
- Utviklinga i samfunnet krev at barnehagen arbeider målretta med utvikling av sosialt samspel og språkutvikling. Forsking viser at det er viktig med systematisk arbeid i førskulealder for å skape eit godt grunnlag for å lykkast seinare i livet. Slik satsing er også presisert i Stortingsmelding nr.16 (2006-2007).
- Gol barnehage har utvikla eit forpliktande kvalitetsikringssystem som byggjer på Lov om barnehagar og rammeplan. Dokumentasjon og informasjon om barnehagedagen er ein del av dette systemet.
- Endringar i bruk av skulebygg kan medføre konsekvensar for barnehagestrukturen på sikt.

Tjenesten i Gol – hvilke områder – hvilke brukere?

Gol barnehage: pedagogisk verksemd for barn frå 1 til 5 år

Organisering	Lovpålagt
2011:	
Avdelingsleiar/styrar	Ikke lovpålagt, men trengs for å drifte avdelinga mot barnehagane, kommuneadministrasjon og politisk
Assisterande styrar	
Barnehagar: 6	Plassering ikke lovpålagt
Dagleg leiing i kvar barnehage:	Lovpålagt
Pedagogisk leiar	Lovpålagt
Fagarbeidar/assistent	Lovpålagt «tilstrekkeleg»
Tilbod v. hovudopptak til barn f. innan 01.09. året før	Lovpålagt
Tilbod gjennom året og født etter 31.08.	Ikkje lovpålagt
2113:	
Spesialpedagogisk hjelp	Lovpålagt
2114:	
Tiltak fleispråklege	Ikkje lovpålagt, men øyremerka tilskot

Status pr. august 2014

- Målgruppe - alderssammensetning – FRAMTIDIG alderssammensetning
Nå: Barn frå 0 til 5 år Framtidig: Det same.
- Hvem er brukere – alderssammensetning
Barn busett i Gol kommune
- Hvilke tilbud gis -

Barnehage	over 3 år	under 3 år	antall	30% søs	50% søs	Flerspr.
Breidokk	41	11	52	11	0	11
Hallingmo	1	12	13	1	0	7
Rotneim	21	7	28	4	0	1
Vesterhuset	47	16	63	12	0	12
Øygdane	21	10	31	2	0	5
Åsgardane	12	7	19	4	1	0
	143	63	206	34	1	36

Tillegg er det 7 barn under 3 år i privat familiebarnehage.

Omfang: frå 2 dagar til 5 dagars plass

- Grad av integrering – tilbud
17,4 % av barna i Gol barnehage er fleispråklege (både foreldra). Fleispråklege er ein av dei gruppene som har høg prioritet ved opptak jf. vedtektene.
- Budsjett – regnskap de siste 3 årene

2011 B	2011 R	2012 B	2012 R	2013 B	2013 R
21.157	21.718	23.392	23.896	24.796	24.377

- Kostnader til tjenesten / innbygger (sammenlignet med andre)

Kostratal:

Område	Gol	Samanlikn- bare komm.	Buskerud	Landet u/Oslo
Netto driftsutg. 1-5 år	111.600	116.100	115.400	118.800
Brutto driftsutgifter bhg	146.800	160.500	155.700	162.200
Dekningsgrad barn i bhg	87,8 %	90 %	90,8 %	90 %

- Ansatte og oppgaver

Tilsette:

Barnehage	Pedagogar inkl. leing	Fagarb/ass.	Tal tilsette	Stillings- heimel	Lærling
Administrasjon	2	1	3	2,1	
Breidokk	6	10	16	13,4	1
Hallingmo	2	3	5	4,2	1
Rotneim	3	6	9	7,3	
Vesterhuset	7	14	21	16,1	1
Øygdane	3	5	8	6,4	
Åsgardane	3	3	6	4,4	

Folkehelseperspektivet:

Gol barnehage har stort fokus på:

- God helse
- Vere mykje ute i naturen og i barnehagen med leikeplass som inspirerer til motorisk aktivitet
- Sundt kosthald

Konkrete vedtak gjennom året:

- FSK 1/14 23.01.14: Barnehagestrukturen i Gol kommune
- FSK 29/14 05.06.14: Framtidig barnehagestruktur i Gol kommune – økonomiske konsekvensar og investeringar med ulike modellar
- KOM 56/14 07.10.14: Økonomi ved endring av barnehagestrukturen i Gol kommune

Utfordringer – mål 2015:

Mål for Gol barnehage

- Tilby kvalitativt gode barnehageplasser – både pedagogisk og fysisk utforming
 - Alle pedagogiske leiarar skal vere utdanna barnehagelærarar
 - Arbeide for at assistentgruppa skal bestå av fleirtal barne- og ungdomsarbeidarar/fagarbeidarar
 - Vidareutvikle prosjektet Felles løft for tidleg innsats som ein del vanleg drift gjennom KUPP (kompetanseutvikling av pedagogiske prosessar i barnehagane)
 - Alle barnehagebygg skal oppfylle krav i lover og regelverk for både barn og tilsette
- Vekt på tidleg innsats for å fremme god utvikling hos barn
 - Sette inn tilpassa tiltak i barnehagealder for å redusere behov oppover i skulealder
 - Systematisk samarbeid ved overgang barnehage – skule, vedta ny overgangsplan mellom barnehage og skule

Vedlegg 1: Tjenestekatalog (eige vedlegg)

Vedlegg 2: Tiltaksliste – investering – få aller helst med hvordan dette kan spare på drift:

1. Redusere tal på barnehagar eller oppgradere dei bygga som er jf. Lov og forskifter (kjem som eige sak seinare)
2. Gjennomføre avvik ved tilsyn på bygg (sjå Gol Byggdrift)

Vedlegg 3: Tiltaksliste – drift – innsparingstiltak:

1. Varig reduksjon av 20 % administrasjon som følgja av nedlegging av Fagerlund
2. Vakant 100 % assistent/fagarbeidar i Vesterhuset barnehage fordi det ikkje er utvida barnegruppe på avd. Botten (er også vakant i 2014)
3. Reduksjon av innkjøp som følgje av samanslåing mellom Vesterhuset og Fagerlund
4. Auke foreldrebetaling – følgje statleg maksimum sats
5. Vurdere å stenge alle barnehagane 2 – 3 veker om sommaren
6. Vurdere å kunn gje tilbud til dei med rett til barnehageplass

Tiltaknr.:	Gol barnehage-1				
Prioritetsnr. innan avdelinga:	1 Gol barnehage avd. Vesterhuset barnehage (ved nedlegging av Fagerlund barnehage)				
Tiltak(beskriving – nøkkelord):	Varig reduksjon av 20 % stilling som dagleg leiar ved nedlegging av Fagerlund barnehage				
Henvisning lovverk:					
Art/År	2015	2016	2017	2018	
DRIFT (BRUTTO):					
10000 – 10999	- 120.000	- 120.000	- 120.000	- 120.000	
11000 – 12999					
13000 – 13999					
14000 – 14999					
16000 – 16999					
17000 – 17999					
18000 – 18999					
Kort beskriving av tiltaket:					
I samband med nedlegging av Fagerlund barnehage er den totale tid for dagleg leiar og assisterande dagleg leiar redusert med 20 %. Reduksjonen er gjennomført ved at ein stilling som pedagogisk leiar i Vesterhuset barnehage som var ledig blei redusert varig til 80 %. Der med fekk ingen fast tilsett redusert sin stilling ufrivillig.					
På kva for måte kan tiltaket få ekstern støtte– kva med bindingar:					
-					
På kva for måte kan tiltaket redusere driftsutgiftene (effektivisering):					

Assisterande dagleg leiar i Vesterhuset vil ha 20 % meir stilling på avdeling saman med barna. Dette er jf. Bemanningsplan for Gol barnehage og Vesterhuset barnehage.

Beskriv eventuelle konsekvensar for statlege målsettingar – framlegg til endring:

Ingen

Beskriv eventuelle konsekvensar for målsettingane i samfunnsdelen – framlegg til endring:

Ingen

Beskriv organisatoriske utfordringar og framlegg til korleis dei kan løysast:

Ingen

Tiltaknr.:	Gol barnehage-2				
Prioritetsnr. innan avdelinga:	2 Gol barnehage avd. Vesterhuset barnehage				
Tiltak(beskriving – nøkkelord):	Vakant 100 % stilling som assistent/fagarbeidar				
Henvisning lovverk:					
Art/År	2015	2016	2017	2018	
DRIFT (BRUTTO):					
10000 – 10999	- 400.000	- 400.000	- 400.000	- 400.000	
11000 – 12999					
13000 – 13999					
14000 – 14999					
16000 – 16999					
17000 – 17999					
18000 – 18999					
Kort beskriving av tiltaket:	Denne 100 % har vert vakant over år pga redusert barnetal. Kan ikkje tas bort permanent fordi dette er stillingsdelar som er redusert fordi nokon av personalet har permisjon eller går på AAP i delar av stillinga.				
På kva for måte kan tiltaket få ekstern støtte– kva med bindingar:	-				
På kva for måte kan tiltaket redusere driftsutgiftene (effektivisering):	Ikkje meir enn tidlegare				
Beskriv eventuelle konsekvensar for statlege målsettingar – framlegg til endring:	Viss Gol kommune får større søkning med barn eller barn som ynskjer å utvide plassane må stillinga på plass igjen, men det er lite sannsynleg.				

Beskriv eventuelle konsekvensar for målsettingane i samfunnsdelen – framlegg til endring:

På nåverande tidspunkt inga konsekvensar.

Beskriv organisatoriske utfordringar og framlegg til korleis dei kan løysast:

100 % blir regulert ved at tilsette har permisjon frå heile eller delar av stillingane sine. I ein organisasjon på ca. 70 tilsette vil det alltid vere nokon i permisjon.

Tiltaknr.:	Gol barnehage-3				
Prioritetsnr. innan avdelinga:	1 Gol barnehage avd. Vesterhuset barnehage				
Tiltak(beskriving – nøkkelord):	Reduksjon av innkjøp ved samordning av fire avdelingar				
Henvisning lovverk:					
Art/År	2015	2016	2017	2018	
DRIFT (BRUTTO):					
10000 – 10999	- 30.000	- 30.000	- 30.000	- 30.000	
11000 – 12999					
13000 – 13999					
14000 – 14999					
16000 – 16999					
17000 – 17999					
18000 – 18999					
Kort beskriving av tiltaket:					
Samordning av innkjøp ved fleire avdelingar					
På kva for måte kan tiltaket få ekstern støtte– kva med bindingar:					
-					
På kva for måte kan tiltaket redusere driftsutgiftene (effektivisering):					
Reel reduksjon ved oppsett av budsjett frå 2015					
Beskriv eventuelle konsekvensar for statlege målsettingar – framlegg til endring:					
Ingen					
Beskriv eventuelle konsekvensar for målsettingane i samfunnsdelen – framlegg til endring:					
Ingen					
Beskriv organisatoriske utfordringar og framlegg til korleis dei kan løysast:					
Ingen					

Vedlegg 4: Tiltaksliste – drift – nye tiltak:

1. Fortsette å fornye IKT utstyr

Wenche Elisabeth Olsen